



VALDRES
Natur- og Kulturpark

Til

<https://hoering.miljodirektoratet.no/Hoering/v2/924>

Regionrådet
for Valdres

Etnedal
Sør-Aurdal
Nord-Aurdal
Øystre Slidre
Vestre Slidre
Vang

Høyringsvar Klimakur 2030

Regionrådet i Valdres, er eit samarbeidsorgan for dei seks Valdreskommunane og Innlandet fylkeskommune.

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane me som samfunn står overfor. Vi synest det er positivt at Klimakur 2030 er lagt fram. Vi støttar målsetjinga om å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp med minst 50 prosent innan 2030, og vi vil arbeide for at vi oppfyller vår del av klimadugnaden.

Mandatet til utvalet har vore å foreslå enkelttiltak som kan redusere utslepp i perioden 2021-30. Ettersom Klimakur 2030 tek utgangspunkt i dei internasjonale forpliktingane Noreg har for å redusere klimagassutslepp i ikkje-kvotepliktig sektor, er rapporten ikkje tilstrekkeleg som kunnskapsgrunnlag for den omstillinga samfunnet må gjennom. Valdresregionen ynskjer å påpeike at klimautfordringane og arbeidet med eit berekraftig samfunn må ha eit globalt perspektiv og at det er heilt naudsynt å ha eit breitt perspektiv i tilnærminga.

Regionrådet etterlyser samanhengen mellom klimatiltaka og berekraftsmåla til FN. Skal me lukkast i å skape eit meir berekraftig samfunn, må klima og CO₂-utslepp sjåast i samheng med andre utfordringar samfunnet står overfor. Blant berekraftsmåla til FN for 2015-30 er å utrydde ekstrem fattigdom og svolt, betre mattryggleik, betre ernæring og å fremje berekraftig landbruk. Samtidig skal me, i følgje mål nr.13, handle for å stoppe klimaendringane. Tiltak for å redusere klimautslepp, bør difor sjåast i samheng med dei andre berekraftsmåla og ha ei brei tilnærming.

Innspel til spesifikke tiltak i rapporten:

1. Jordbruk

I Klimakur 2030 er det innanfor landbrukssektoren foreslått seks ulike tiltak. Det forslaget som er berekna til å ha størst effekt, er endring i kosthald frå raudt kjøt til plantebasert kosthald og fisk. Regionrådet ser at kjøtforbruket i Noreg har auka og meiner det er fornuftig å gå inn for ei viss omlegging av kosthaldet og redusere kjøtforbruket noko, men i mykje mindre grad enn forslag til tiltak som er presentert. Det er fleire grunnar til dette:

Ved å gjennomføre eit slikt tiltak reduserer ein samstundes bidraget frå Noreg til å oppfylle bærekraftsmålet om å redusere svolt. I følgje FN sitt klimapanel (IPCC) trugar klimaendringane allereie matproduksjonen i verda, og behovet for mat kjem til å auke framover. Dei bereknar at matproduksjonen må auke med 14 prosent per tiår for å møte den auka etterspørselen etter mat.

For Noreg, med dei spesielle vekstforholda me har her til lands, tydar det på at me bør auke og ikkje redusere matproduksjonen.

Det avgjerande når det gjeld naturforvaltning, er netto utsleppsreduksjon, altså forholdet mellom utslepp og binding av karbon. Det er knytt stor usikkerheit til korleis ein reknar på klimaeffekt i landbruket. Noreg har store utmarks- og beiteområde. Aller mest gjeld det kommunar som våre, men store delar av areala er eigna for grasproduksjon og beiting. Forsking viser at rett beiting i utmark bind meir karbon i jorda, men det er vanskeleg å kome fram til eksakte data for binding av karbon i jord og skog. Det same gjeld albedoeffekten, der forskning så langt tyder på ein viktig avkjølande effekt. Føresetnaden for albedoeffekten er at drøvtyggarar held vegetasjonen nede. Konsekvensen av reduksjon i talet på beitedyr for den samla klimaeffekten er usikker. Det er naudsynt med meir forskning, og utfordringa med talfesting må ikkje stå i vegen for at spørsmålet blir vurdert så godt råd er. Regionrådet i Valdres meiner derfor det er nødvendig med ei styrking av forskning på klima og utmark før slike drastiske tiltak blir sett i verk.

Rapporten tek utgangspunkt i at metan frå drøvtyggarar kan reknast om til CO₂-ekvivalentar og at det verkar på same måte som CO₂, men sterkare. Halveringstid for metan er 12 år, og reknemåten som er lagt til grunn for tiltak i Klimakur 2030 er svært omdiskutert. Metanutsleppa i landbruket er redusert dei siste tiåra, og Regionrådet er svært uroa over at ein på bakgrunn av denne berekninga set inn tiltak som har mindre og meir kortsiktig effekt på klimautsleppa enn det som kjem fram i rapporten.

Endringane i klima påverkar oss. Dei som i størst grad merkar endringane er dei som lever av naturen og produserer mat. Endringar i vindforhold, temperatur og store nedbørsmengder m.m. påverkar mogelegheitene til å hauste av naturen. Likeins vil ei omlegging frå grovfôrbasert husdyrhald til større grad av planteproduksjon gjere matproduksjonen og avlingane meir usikre og avhengige av klima. Planteproduksjon er meir avhengig av eit optimalt klima enn produksjon av grovfôr og bruk av utmarksbeite. Landbruket i fjellområda er kjenneteikna av små og mellomstore bruk, stor grad av utmarksbeite og stor variasjon. Sett opp mot til dømes grønsaksproduksjon i låglandet, er fjellandbruket klimarobust. Ifølgje FN sitt klimapanel må førebu oss på større klimaendringar framover og framtidas landbruk bør ta høgde for dette.

Gjennom bruk av utmark for beiting utnyttar ein ressursar som elles ikkje ville kunne nyttast til matproduksjon. Drøvtyggarar held ved like det biologiske mangfaldet. Attgroing og redusert beite påverkar allereie i dag artsmangfaldet. Konsekvensen av reduksjon i talet på beitedyr for det biologiske mangfaldet er ikkje kartlagt.

For å få til endringar i jordbruket, må det leggest til rette for gode og føreseielege økonomiske ordningar for gardbrukaren. Skal fjellandbruket, med små og mellomstore gardsbruk, tole endringane, er det naudsynt med god økonomi og gode vilkår. Det er ei god investering: Det gir større mogelegheit for gjennomføring av klimatiltak i landbruket, det held oppe busetnad og infrastruktur i distrikta og vil kunne auke sjølvforsyningsgraden i framtida.

I Klimakur 2030 har ein teke utgangspunkt i at sjølvforsyninga skal auke til ein viss grad. Vi meiner dette er positivt, men at Noreg bør ha som mål å vere 100 prosent sjølvforsynt med matvarer det ligg til rette for at vi kan produsere sjølve og at vi i større grad er sjølvforsynt med grønsaker og korn enn i dag. Norge har avgrensa landbruksareal og vi må gjennom ein aktiv landbrukspolitik ta i bruk alt dyrkbart og dyrka areal for å nå desse måla. Gjennom ein kortreist jord til bord politikk vil vi auke sjølvforsyningsgraden på ein klimasmart måte. Eit sterkare importvern er heilt naudsynt, slik at ikkje norske bønder reduserer sin produksjon utan at det blir spegla av ein nedgang i forbruket. Den globale epidemien Covid 19 har vist oss at det er matleveransar er usikre, noko som gjer samfunnet vårt meir sårbart.

I rapporten er det kalkulert ein stor nedgang i talet på årsverk knytt til husdyrproduksjon, og ein auke i planteproduksjonen. Det er likevel ikkje gjort ei balansering av tala ut frå at det i husdyrproduksjonen er heilårsarbeid, medan produksjon av planter er sesongarbeid. Dette vil seia at det vil komme langt færre (heilårs) arbeidsplassar i planteproduksjonane enn det som blir tapt i husdyrholdet. Det er også slik at det til sesongarbeid i planteproduksjonen i svært stor grad blir brukt utanlandsk arbeidskraft. Dette gjer produksjonen sårbar, noko situasjonen i 2020 viser tydeleg.

Landbruket sjølv har, gjennom avtalen med regjeringa og i «Landbrukets klimaplan», lagt opp til at det skal vere mogeleg å kutte klimautsleppa og samstundes ha små- og storfeproduksjon med fagmiljø i distrikta. Fjellnettverket meiner «Klimaplan 2021-2030» frå landbruket bør ligge til grunn for arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå jordbruket.

Regionrådet i Valdres er svært uroa for konsekvensen av tiltaka i landbruket som er foreslått i Klimakur 2030. Ein truleg konsekvens er reduksjon i sysselsettinga på 5000 og ein million jordbruksdekar ut av drift. I fjellkommunane og dei kommunane tilliggjande fjellkommunane har landbruket ein nøkkelfunksjon. Dersom kjøttforbruket skal bli redusert i så stor grad som Klimakur 2030 foreslår, så må produksjon av kjøtt og andre husdyrprodukt vere i område som ikkje er eigna for annan planteproduksjon enn gras, og der produksjonen i stor grad er basert på utmarksbeite. Fjellandbruket er viktig for matproduksjonen, sysselsetting og infrastruktur. Landbruket held ved like kulturlandskap og kulturarv, som òg er ein heilt sentral føresetnad for reiselivet i fjellet.

Regionrådet i Valdres vil påpeike at dersom ein skal nå FN's berekraftsmål i eit breitt perspektiv må raudt kjøtt kanaliseras til dei områda i landet som har best føresetnad for ein bærekraftig kjøttproduksjon og som ikkje kan produsere korn og grønsaker på same måten som flatbygdene.

Dersom ein ikkje lukkast i å redusere kjøttforbruket hjå forbrukar vil ein minska innanlandsproduksjon erstattast av import, dette er mindre berekraftig enn å produsere kjøttet sjølv.

2. Elektrifisering av transport

Ei rekke av tiltaka i Klimakur 2030 inneber elektrifisering av transport. Til dømes skal 100 prosent av salet av nye personbilar i 2030 vere elektriske. Salet av elbilar i dag viser tydelege skilnader mellom tettbygde og sprettbygde strøk. Det er større del elbilar i byane og bynære område, enn i distrikta. Kapasiteten på straumnett er lågare i distrikta og mogelegheitene til hurtiglading er færre. I Klimakur 2030 blir dette omtala som ei barriere for tiltaket, vi meiner dette er ei stor utfordring for våre område, der bil er det mest brukte framkomstmiddelet. Dersom tiltaka skal lukkast, er det heilt naudsynt med investeringar i ladestruktur over heile landet og at det blir sett av verkemiddel som gjer at hurtiglading blir god i område der det er mindre trafikkgrunnlag.

3. Rolla til fylkeskommunane og kommunane

Kommunane og fylkeskommunane har ei nøkkelrolle og kan vere med å fremje eller hemme ulike tiltak. Regionrådet i Valdres representerer distriktskommunar med store fjellområde, og vi etterlyser større grad av differensiering mellom aktuelle klimatiltak i storbyar og sprettbygde strøk. Rapporten manglar eit distriktsperspektiv og tar ikkje for seg korleis ein skal kunne få gode klimatiltak i distrikts-Noreg.

Det er store skilnader på kommunar i Noreg. Fjellkommunane har andre føresetnader og utfordringar for å setje i verk effektive klimatiltak enn storbyane. Tiltak som byvekstvtalar, fokus på kollektivtrafikk, sykling og parkering er tiltak som i svært liten grad vil ha effekt og påverke klimautsleppa i store delar av Noreg.

Dei ambisiøse klimatiltaka, som byvekstvtalane, er retta inn mot storbyane. Vi meiner at for å nå måla om utsleppsreduksjon, må det arbeidast konkret med lokale og nasjonale tiltak i distrikts-Noreg, slik at heile landet kan bidra i klimadugnaden.

Valdres 29. april 2020

Regionstyret i Valdres

Linda Mæhlum Robøle (s)

-leiar-

Jørand Ødegård Lunde (s)

-dagleg leiar-